

**SOGN OG FJORDANE
BONDELAG**


Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 OSLO

Vår sakshandsamar
Merete Støfring
+47 95 94 74 37

Vår dato
20.03.2015
Dykkar dato

Vår referanse
15/00021-6
Dykkar referanse

Høyringsfråsegn - meir effektiv felling av jerv

Vi syner til høyringspapir frå Klima- og Miljødepartementet vedrørande forskriftsendringar som skal medverke til å effektivisere lisensfelling av jerv.

Lisensfelling på jerv har synt seg å vere svært vanskeleg å gjennomføre i Indre Sogn og Indre Nordfjord der hovudutfordringa ligg i vårt fylke. Av 58 felte jervar dei siste 10 åra er berre 7 jervar felt på lisensfelling. SNO står for hovuddelen av uttaka gjennom ekstraordinære tiltak etter lisensjakt. Realistisk sett vil det nok vere slik også i framtida, men ved å setje i verk tiltak som kan gjere det lettare å lukkast med lisensjakt kan ein håpe at tal dyr som må fellast av SNO bli færre.

Positivt at ein gjer tillempingar som medverkar til meir effektiv lisensjakt

Vi er positive til at det vert opna opp for bruk av lys på åte og at det vert gjeve løyve til overvaking av bås ved bruk av kamera. Det er også bra at det framleis kan vere høve til å transportere ut åte og bås ved hjelp av snøscooter.

Snøscootertransport i samband med lisensjakt

For våre fjellområde vil det vere svært viktig at det i prøveperioden også vert gjeve løyve til å transportere jegerar ut til åtestadane med snøscooter. Ikkje berre for tilsyn av jervebåsar, men også til stader der åte ligg ute og jakt skal skje. Vi vil grunngje dette med utgangspunkt i følgjande moment:

- Avstanden til åta er stor, gjerne 10-20 km frå offentleg veg
- Der er lite folk i terrenget i denne tida, dagane er korte, og åtene ligg gjerne ikkje der folk ferdast slik at uro i høve friluftslivet vil vere minimal.
- Omfanget vil vere avgrensa då jegerane oftast vert ved åta om lag ei veke før vaktskifte. Gjennom samarbeid mellom jegerar, kommune og grunneigarar kan ein legge opp til eit fåtal åter på eigna plassar der ein veit jerven trekkjer.
- Har ein kameraovervaking ved åta så vil ein også kunne avgrense transport til tidsrom der ein registrerer aktivitet på åta. På det viset vil denne snøscootertransporten bli avgrensa, og i særdeles liten grad vere til ulempe for friluftslivet.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:
Hafstadvegen 21
6800 FØRDE

Sogn Og Fjordane Bondelag
Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:
Hafstadvegen 39
6800 FØRDE

Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Tlf:
57837080

Bankkonto: 8101.05.12891
Bankkonto: 8101.05. 91392

E-post:
sogn.fjordane@bondelaget.no

Internett:
<http://www.bondelaget.no/sognogfjordane/>

Vår dato
20.03.2015

Vår referanse
15/00021-6

Kommunane bør få fullmakt til å gje løyve til dette føremålet. Gjerne i form av tal turar med scooter, og ved at løyvet skal gjelde for ei særmerkt løype inn til åte.

Skal departementet lukkast med å få til ei meir effektiv lisensjakt som grunnlag for å redusere hiuttak må ein setje i verk prøveordningar av eit visst omfang, og ikkje berre ”flisespikkeri” i høve gjeldande praksis.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Anders Felde

Merete Støfring